



Kultur og fritid - Kulturkontoret

Vår ref: 2010/3779-5

Dato: 11.06.2014

Samarbeidsavtale Kvinnherad idrettsråd(KIR) og Kvinnherad kommune(KK)

Bakgrunn

KK utarbeider no kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Som ein førebels visjon ønskjer vi å halde fram "aktiv kvardag – heile livet". Idretten er ein viktig bidragsytar for å nå visjonen, særleg i forhold til born og unge.

Målet med avtalen er ei styrking av samarbeidet gjennom å:

- klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar
- sikre betre kontinuitet og forutsigbarhet

1. KK skal forholde seg til KIR som eit samordningsorgan for idretten i Kvinnherad. KIR er det høgste valte frivillige organet innan organisert idrett i kommunen.

2. KIR representerer det frivillige lagslivet innan idrettsfeltet i kommunen og er eit rådgjevande organ i høve saker som vedkjem idretten i kommunen.

3. KIR skal ha uttalerett i saker av felles interesse for Kvinnherad kommune og idretten i Kvinnherad som einskilte idrettslag ynskjer å fremja ovanfor kommunen. Særleg gjeld dette saker om idrettsanlegg og tiltak som løyser ut kommunale midler ut over ordinære tilskottsordningar.

4. KIR skal kunne be om og få møte med kommunen sin administrasjon og politiske leiing på lik line med andre innbyggjarar og grupperingar i kommunen. KIR kan også gi innspel til planutkast (kommunedelplanar, samfunnsdelen av kommuneplanen og arealplanar) .


5. KK vil:

1. Informere KIR om saker som vedkjem idretten
2. Rådføre seg og bruke KIR som høyingsspart i saker som angår idretten
3. Invitere KIR i planleggingsgrupper innan feltet både for idrettsplan og bygging/ utforming av idrettsanlegg.
4. Delta på KIR sine styremøter og årsmøter dersom KIR ønskjer det
5. Bruke KIR som eit rådgivande organ i samband med prioritering av spelemidlar til idrettsanlegg
6. Informere KIR særleg om aktuelle tema, søknadsfristar og viktige satsingar i KK
7. Halde eit årleg samarbeidsmøte mellom KIR og KK

6. KIR vil:

1. Syte for at det finst oppdatert kontaktinformasjon til styre og medlemmer og informerer KK om kven dei representerer.
2. Informere KK om vedtak som er fatta i KIR
3. Fordele LAM-midlar til medlemslaga
4. Delta ved planleggingsprosessar og utforming av avtalar mellom laga og kommunen
5. KIR koordinerer idretten sine synspunkt innan idrettsfaglege prioriteringar i Kvinnherad kommune, t.d. spelemiddelprioriteringar
6. Lansere viktige tema og utfordringar for idretten
7. Gi innspel til nye anlegg som bør byggast i Kvinnherad

7. Avtala skal evaluerast etter 2 år og kan reviderast når partane finn det naudsynt.




Synnøve Solbakken
Ordførar Kvinnherad kommune



Tor Harald Bringedal
Leiar Kvinnherad idrettsråd



Trond Sætereng
Rådmann Kvinnherad kommune



Anna Prestnes
Nestleiar Kvinnherad idrettsråd